



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

03.02.2025

Vår ref:

2024/18312

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Årsrapport 2024

tilsyn med barnevernsinstitusjonar, omsorgssenter og senter for foreldre og barn



Statsforvaltaren i Vestland



Bakgrunn

Statsforvaltaren skal etter barnevernslova § 17-3 andre ledd føre tilsyn med barnevernsinstitusjonar, senter for foreldre og barn og omsorgssenter for mindreårige asylsøkarar. Tilsynet skal undersøke om barn får forsvarleg omsorg og behandling i tråd med barnevernslova og tilhøyrande forskrifter.

Statsforvaltaren skal gjennom sine tilsyn følgje med på at barn får forsvarleg omsorg og behandling, blir behandla med respekt, og at barns rettstryggleik blir vareteke. Statsforvaltaren skal følgje med på alle forhold som har betydning for barnas utvikling, trivsel, velferd og rettstryggleik jf. § 3 tredje ledd i forskrift om tilsyn med tenester og tiltak til barn i barnevernsinstitusjonar.

Statsforvaltaren skal ved utgangen av kvart år utarbeide ein årsrapport om tilsynsverksemda, jf. § 7 i forskrift om tilsyn med tenester og tiltak til barn i barnevernsinstitusjonar. Tilsvarande gjeld for tilsynet med senter for foreldre og barn, jf. forskrift om sentre for foreldre og barn § 22.

Rapporten gjev ei oppsummering av

- Oversikt over gjennomførte tilsyn i 2024
- Våre kommentarar og vurderingar av tilsynsbesøka
- Samtaler med barn og oppsummering av kva barn har formidla
- Oversikt over avgjærder om tvang andre inngrep i barns rettar
- Påpeikte lovbroter
- Statsforvaltarens generelle vurdering av institusjonsområdet i 2024

Tilsyn med barnevernsinstitusjonar i 2024

I 2024 var det 15 barnevernsinstitusjonar med til saman 49 avdelingar i Vestland fylke. Seks av institusjonane er statlege, fire er private ideelle, fire er private kommersielle, og ein er kommunal barnevernsinstitusjon. I 2024 var minimumskravet til lovpålagte tilsyn på institusjonane 119 tilsynsbesøk. På grunn av kapasitetsutfordringar gjennomførte vi 104 av 119 lovpålagte tilsyn i 2024, det vil seie 87 % av minimumskravet. I 2024 var 10 av dei 104 tilsyna umelde. I 2024 slo vi fast lovbroter ved 16 tilsyn, det er 15 % lovbroter. Dette er på same nivå som i 2023 og 2022 då vi også slo fast lovbroter ved 15 % av tilsyna. I 2021 slo vi fast lovbroter i 7 % av tilsyna.

I vårt brev til sentral statleg myndigkeit 5. juli 2024 gjorde vi greie for kapasitetsutfordringar på barnevernsområdet. Mellom anna at vi ikkje ville klare å gjennomføre volumkravet til lovpålagte tilsyn med barnevernsinstitusjonar i 2024. Vi har likevel gjennomført fleire tilsyn enn estimert i juli 2024. Årsaka til dette er mange alvorlege hendingar på institusjonane, og bekymring for at barn ikkje får forsvarleg oppfølging. Vi har løpende følgt med på og endra våre vurderingar av risiko på kvar institusjon og avdeling, og på bakgrunn av dette gjennomført tilsyn som tidlegare var prioritert bort. Dette har fått konsekvensar for andre oppgåver hos oss, mellom anna at saksbehandlingstida i klage og tilsynssaker har blitt lengre. Vi har også brukt noko lengre tid på å behandle klager frå barn på tvang under opphold på barnevernsinstitusjonar, sjølv om dette er høgt prioritert.

Tema for tilsyna på barnevernsinstitusjonar i 2024 er valt på bakgrunn av vurdering av risiko og sårbarheit ved kvar institusjonsavdeling. Informasjonen vi legg til grunn er mellom anna kunnskap om institusjonen frå tidlegare tilsyn, rapportar frå Bufetats kvalitetsoppfølging/godkjenning, informasjon frå tvangsprotokollar, informasjon frå institusjonane om barns kontakt med politiet, informasjon vi får frå barn, og informasjon frå andre klager og tilsynssaker.

I samband med Helsetilsynets arbeid med kvalitetsutvikling av institusjonstilsyn (KUIT), har vi gjennomført tilsyn med institusjonanes arbeid med å gje barn og ungdom nødvendig vern og



beskyttelse. Vi har i samband med dette undersøkt om institusjonane arbeider systematisk med å forebygge alvorleg hendingar og tvang, om institusjonen ved gjennomføring av tvang og andre inngrep varetar ungdommanes integritet, og korleis institusjonar sørger for at barn får vern, tryggleik og omsorg i tråd med målet for opphaldet. Vi har oversendt åtte tilsynsrapportar med tema vern og beskyttelse til Helsetilsynet 23.12.2024.

Oversikt over barnevernsinstitusjonar vi fører tilsyn med, jf. tilsynsforskrifta §§ 3, 4, 5 og 6

I tabellen under er det oversikt over barnevernsinstitusjonane vi fører tilsyn med og kor mange barn som har budd på institusjonane. Vidare går det fram kor mange som har fått tilbod om samtale og kor mange vi snakka med på tilsyna i 2024.

Barneverns-institusjon	Avdeling	Eigar	Pålagde besøk	Utførte tilsyn	Umeldt	Barn i inst.	Barn som fekk tilbod om samtale	Gjennomførte samtal
Bergen akuttsenter	2	Bufetat/Statleg	6	6	0	29	29	5
KASA ungdomssenter	5	Bufetat/Statleg	10	9	0	27	27	9
Skjoldvegen ungdomssenter	3	Bufetat/Statleg	6	6	0	23	23	8
Bjørgvin ungdomssenter	2	Bufetat/Statleg	8	6	0	18	18	5
Sogndal ungdomssenter	1	Bufetat/Statleg	2	2	0	7	7	1
Sogn og Fjordane ungdomssenter	2	Bufetat/Statleg	4	4	0	10	10	4
Haraldsplass Serio Ung	4	Privat/Ideell	8	8	4	18	18	4
Crux	4	Privat/Ideell	10	9	0	27	27	9
Voss barnevernssenter	4	Privat/Ideell	7	7	0	22	22	8
Klokbergårdstiftelsen	3	Privat/Ideell	12	12	6	35	35	21
EMFO Bergen	2	Kommunal	4	2	2	4	4	2
Stendi AS	6	Privat/kommersiell	11	7	0	11	11	7
Solhaugen	2	Privat/kommersiell	8	8	0	8	8	4
Aberia Ung	7	Privat/kommersiell	15	12	0	22	22	14
Næromsorg Vest	2	Privat/kommersiell	8	6	0	6	6	2

Kommentarar til tabellen og endringar i talet på institusjonar og avdelingar i 2024

- Stendi Hesjakollen hadde ikkje barn som budde i institusjonen i perioden våren 2023 til august 2024, det var derfor ikkje krav til to tilsynsbesøk



- Stendi Etne avvikla drifta mars 2024, det er difor ikkje gjennomført tilsynsbesøk
- Sogn og fjordane ungdomssenter, avdeling Bregnetunet endra målgruppe i oktober 2024 til barnevernslova §6-1 og §6-2, det var difor ikkje krav til fire tilsynsbesøk
- Stiftinga Voss barneheim etablerte ei ny avdeling Øvrebø våren 2024
- Aberia Ung fekk to nye avdelingar i 2024. Avdeling nye Olsvik starta opp i februar 2024 for målgruppe omsorg etter barnevernslova §§ 3-2 og 5-1 med krav til to tilsynsbesøk. Avdeling Skjergarden starta opp i september for målgruppe åtferd etter barnevernslova §§ 6-1 og 6-2.

Vi gjennomførte samtalar med barn i 38,6 % av tilsyna. Dette er om lag som tidlegare år. Talet verkar lågt, men då vi gjennomfører tilsyn to eller fire gonger på kvar institusjonsavdeling årleg, møter vi ofte dei same barna fleire gonger. Barn som får tilbod om samtale med oss når vi er på tilsynsbesøk, har ofte snakka med oss på tidlegare tilsyn. Vi snakkar også med barna i samband med at dei klagar på bruk av tvang eller inngrep i deira rettar etter barnevernslova kapittel 10. Desse samtalane vert ikkje registrert. Dei 103 registrerte samtalane med barn av 267 barn som er tilbydd samtale, gjev derfor ikkje eit heilt rett bilet om kor mange ulike barn vi møter og snakkar med.

Oversikt over innsende enkeltvedtak og protokollar om bruk av tvang eller inngrep i barnet sin personlege integritet jf. barnevernslova § 10-14 og tilsynsforskrifta § 3 fjerde ledd

I tilfelle der barnevernsinstitusjonar gjer inngrep i barns personlege integritet, skal dette bli protokollført og leggjast fram for oss, jamfør barnevernslova § 10-14. Protokollane skal innehalde tilstrekkeleg informasjon som viser at vilkåra for tvang etter barnevernslova er oppfylt.

Dokumentasjon av tvang skal bidra til å vareta rettstryggleiken for barn. Vi gjennomgår alle avgjerder om tvang mot barn, og følgjer med at tvang mot barn ikkje blir gjort rutinemessig og i strid med regelverket.

Oversikt over innsende enkeltvedtak og protokollar om bruk av tvang eller inngrep i barnet sin personlege integritet jf. barnevernslova § 10-14 og tilsynsforskrifta § 3 fjerde ledd

Tvang	2022	2023	2024
§ 10-7 Tvang i akutte faresituasjoner	117	152	197 hvorav: Tvang i akutt faresituasjon - 136 Isolasjon - 61
§ 10-8 Kroppsvisitasjon	141	183	206
§ 10-8 Undersøke barna rom og eigedeler	151	205	281
§ 10-8 Undersøke barns brev og pakkar	0	3	1
§ 10-11 Beslaglegge eller inndra rus/våpen, andre farlege gjenstandar	91	120	175
§ 10-12 Tilbakeføring ved rømming	20	24	41
§ 10-10 a og b Rusmiddeltesting ved samtykke eller vedtak frå Barneverns og helsenemnda	408	213	569 Samtykke - 212 Vedtak- 357
§ 10-9 a og b Innskrenkingar i retten til å bevege seg fritt	184	312	474 10-9 a - 172 10-9 b - 302
§ 10-9 c Avgrense retten til besøk	3	2	3
§ 10-9 d og e Innskrenkingar i bruk og inndraging av elektronisk kommunikasjonsmiddel	41	85	187 10-9d - 95 10-9e- 92
Sum	1156	1569	2134



Tvang mot barn auka med 36 % frå 2023 til 2024 frå 1569 avgjerder i 2023, til 2134 avgjerder i 2024. Vår vurdering er at auka i tvang mot barn ikkje er eit resultat av at fleire barn blir utsett for tvang under opphold på barnevernsinstitusjon, men at det blir brukt meir tvang mot nokon barn enn tidlegare år. Det budde om lag like mange barn på institusjonane i 2023 som i 2024, og avgjerder om tvang retter seg mot om lag 150 einskildbarn, dette er likt som i 2023. Det er heller ikkje grunnlag for å seie at institusjonane protokollerer tvang vesentleg annleis enn tidlegare år. Vår oppfølging av barnevernsinstitusjonane viser at førebygging, gjennomføring, evaluering og dokumentasjon av tvang blir gjort på same måte som tidlegare år.

Vår vurdering er at auka bruk av tvang dei to siste åra er ein konsekvens av at barn på institusjon har meir komplekse vanskar enn tidlegare, og at institusjonane ikkje har nødvendige rammer og / eller kompetanse til å vareta barna. Døme på dette er barn med omfattande helseutfordringar, og barn som er i kontakt med kriminelle miljø. Dei to siste åra har vi også erfart at fleire av barna som bur på institusjonane er yngre enn tidlegare. Det betyr at vi møter barn ned i 12-13 års alderen som har komplekse utfordringar knytt rusvanskars, psykiske helsevanskars og fleire har kontakt med kriminelle miljø.

Vi ser også at barn framleis blir utsett for tvang og innskrenkingar som ikkje blir protokollert, men som vi får vite om gjennom samtalar med barn eller ved gjennomgang av institusjonens journalføring. Vi følgjer dette opp gjennom våre tilsyn og i vår dialog med Bufetat og eigarane av institusjonane.

Registrering av tvang mot barn fordelt på eigar av institusjonane (statlege, private ideelle, private kommersielle eller kommunale institusjonar):

Statlege, Bufetat region vest

§ 10-7	§ 10-7I	§ 10-8K	§ 10-8R	§ 10-8B	§ 10-9a og b	§ 10-9c	§ 10-9d og e	§ 10-10S	§ 10-10V	§ 10-11	§ 10-12	SUM:
88	58	136	157	0	310	1	144	155	303	71	41	1464

Kommunale institusjonar

Private ideelle institusjonar

§ 10-7	§ 10-71	§ 10-8K	§ 10-8R	§ 10-8B	§ 10-9 a og b	§ 10-9c	§ 10-9d og e	§ 10-10S	§ 10-10V	§ 10-11	§ 10-12	SUM:
21	0	23	48	1	25	1	5	39	33	48	0	244

Private kommersielle institusjonar

§ 10-7	§ 10-71	§ 10-8 K	§ 10-8 R	§ 10-8 B	§ 10-9 a og b	§ 10-9 c	§ 10-9 d og e	§ 10-10 S	§ 10-10 V	§ 10-11	§ 10-12	SUM:
--------	---------	----------	----------	----------	------------------	----------	------------------	-----------	-----------	---------	---------	------



27	3	47	76	0	139	1	38	18	21	56	0	426
----	---	----	----	---	-----	---	----	----	----	----	---	-----

Vi har ikkje grunnlag for å seie om det blir nytta meir eller mindre tvang på bakgrunn av om institusjonar er statlege eller private. Det er institusjonens målgruppe, samansetning av barna som bur på institusjonen, og tilsette sin erfaring og kompetanse som etter vår vurdering påverkar tvangsbruk, heller ein kven som er eigar av institusjonane.

Klager på tvang under opphold på barnevernsinstitusjon

I 2024 avgjorde vi 54 klager som gjeld 69 avgjerder om tvang etter barnevernslova kapittel 10. Barn fekk medhald i 15 % av klagene. Dette er på om lag same nivå som i 2023, då barn fekk medhald i 14 % av klagene. Det er eit krav at 90 % av klagene på bruk av tvang i barnevernsinstitusjonar og omsorgssenter skal avsluttast innan ein månad. I 2024 vart 88 % av klagene er behandla innan fristen på ein månad. Median saksbehandlingstid i 2024 var på 0,7 månader. I 2023 var median saksbehandlingstid på 0,6 månader.

Sjølv om talet på klagar har auka noko frå 2023 til 2024, så meiner vi at barn likevel klager mindre på tvang enn føregåande år. Vi viser mellom anna til at det har vore ei auke i bruk av tvang mot barn på 36 % frå 2023 til 2024.

I tillegg til klagene på tvang som er protokollert, så har vi i 2024 behandla tre klager på begrensningar etter § 10-2 og § 10-3, det vart gitt medhald i ein av klagene.

Auke i avgjerder om tvang i akutte faresituasjonar, men nedgang i talet på klager

Det går fram av barnevernslova § 10-7 at ein berre kan nytte tvang i akutte faresituasjonar dersom det er strengt nødvendig. Likevel viser våre tal at det er ei auke i avgjerder om tvang i akutte faresituasjonar i perioden 2022, 2023 til 2024. I 2022 var det 117 vedtak om tvang i akutte faresituasjonar, i 2023 var det 152, og i 2024 var der 197 vedtak om tvang i akutte faresituasjonar. Auka knytt til tvang i akutte faresituasjonar var på 30 % frå 152 vedtak i 2023 til 197 vedtak i 2024. Vår gjennomgang viser at 35 av avgjerdene i 2024 gjeld eit barn.

Sjølv om det har vore ei auke i avgjerder om tvang i akutte faresituasjonar på 30% frå 2023 til 2024, har vi fått færre klager på tvang i akutte faresituasjonar i 2024 enn i 2023.

I 2024 fekk vi ti klager på tvang i akutte faresituasjonar. Barn fekk medhald eller delvis medhald i to av dei ti klagene. I den eine saka slo vi fast av tvangen var nødvendig, men at institusjonens gjennomføring var i strid med regelverket. I den andre slo vi fast at institusjonen ikkje hadde heimel til å nytte tvang mot ungdommen. I 2023 fekk vi 16 klager på tvang i akutte faresituasjonar. Ti av klagene var frå same ungdom. Det betyr at sjølv om det er nytta 30 % meir tvang mot barn i akutte faresituasjonar i 2024 enn i 2023, så er det få barn som klager på tvang i akutte faresituasjonar.

I vår gjennomgang av vedtak om tvang i akutte faresituasjonar, vurderer vi at betre førebygging i nokon tilfelle kunne ført til at tvang mot barn var blitt gjennomført meir skånsamt, og nokon tilfelle kunne tvang vore unngått. Dette har vi følgt opp i vår kontakt med institusjonen.

I samband med Helsetilsynet sitt arbeid med kvalitetsutvikling av institusjonstilsyn (KUIT), har vi oversendt sladda kopiar av alle ferdigbehandla klagesaker om tvang i akutte faresituasjonar etter barnevernslova § 10-7.



Auke i avgjerder om å nekte bruk og inndra elektronisk kommunikasjonsmiddel

I 2024 fekk vi 187 avgjerder om å nekte bruk og inndra elektronisk kommunikasjonsmiddel. I 2023 fekk vi 85 avgjerder om å nekte bruk og inndra elektronisk kommunikasjonsmiddel. Vi meiner den markante auka heng saman med utfordringsbilete vi ser på institusjonane. Barn får kontakt med- og opprettheld kontakt med negative miljø på sosiale media. Til dømes bruker barn sosiale media til å planlegge rømmingar, kjøp, sal og oppbevaring av narkotika. Det er også fleire institusjonar som har erfart at personar frå kriminelle miljø oppsøker institusjonane. Fleire institusjonar har vore nøydd til å sette i verk tryggingstiltak på grunn av denne utviklinga. Vi er bekymra for utviklinga, og særleg er vi bekymra for at barn på sosiale media blir oppfordra og pressa til kjøp og sal av seksuelle tenester, både gjennom sal av bilet, og at barn blir utsett for seksuelle overgrep som blir filma og delt på sosiale media. Vidare er vi bekymra at barn deltek i lukka grupper på sosiale media som oppmodar til sjølvskading og som deler bilet / filmar av sjølvskading og sjølvmordsforsøk. Vi meiner det er eit stort samfunnsproblem at barn blir eksponert for alvorleg fare på sosiale media som vaksne ikkje har kunnskap eller høve til å førebygge eller stoppe.

Klager frå barn på tvang

Som tidlegare år så fortel barn at dei ofte klagar på tvang fordi dei meiner institusjonar skildrar tvangsbruk uriktig. Til dømes ved å utelate informasjon som barn meiner er viktig for å forstå hendingar på ein rett måte. I vår behandling av klagene ser vi at dette ofte stemmer, og at tvang mot barn ikkje er godt nok dokumentert ved at vesentleg informasjon ikkje går fram av avgjerdene. I vår oppfølging får vi vite at tilsette ikkje alltid får god nok opplæring i førebygging, gjennomføring og dokumentasjon av tvang, og det går fram i samtalar med oss at dei er usikre på regelverket. I vår oppfølging av klager ser vi også at institusjonane kan bli betre til å gje informasjon til barn, og snakke med barna om tvang før situasjonar oppstår og etter tvangshendingar. Barn må få god og tilpassa informasjon om sine rettar og kvifor det i nokon situasjonar kan vere nødvendig å avgrense kva barn får lov til og ikkje. Sjølv om barn ofte vegrar seg for å evaluere tvang i ettertid, meiner vi at institusjonane må bli betre til å gå igjennom tvangsbruk med barn. Tvang mot barn fører ofte til tilleggsbelastningar for barn, og til at barns tillit til vaksne blir svekka. Gjennomgang av tvang og kunnskap om korleis barn opplever tvang er viktig for å førebygge tilsvarande situasjonar fram i tid, og saman med barn finne andre løysingar enn å bruke tvang.

Tilsyn med omsorgssenter for mindreårige

Det er ingen omsorgssenter for einslege mindreårige i Vestland fylke.

Tilsyn med senter for foreldre og barn

Det er eit senter med to avdelingar i Vestland fylke som er eigd av Bufetat. Dette er avdelingane Senter for foreldre og barn, avdeling Sudmannske og avdeling Førde. Statsforvaltaren har ikkje gjennomført tilsyn med senter for foreldre og barn i 2024. Sist tilsyn vart gjennomført i 2021. Det blei ikkje påpekt lovbroter under tilsynet. Tema for tilsynet var om tilbodet til barn og familiar under ophaldet var forsvarleg. Tilsynet blei gjennomført som systemrevisjon.

Samtalar med barn, jf. tilsynsforskrifta § 6

Statsforvaltaren skal ta kontakt med det enkelte barn, og gje barn tilbod om samtale i samband med tilsyn på institusjonar jf. tilsynsforskrifta § 6. Barna vel sjølve om dei ønskjer å snakke med statsforvaltar. Barn har rett til å få informasjon og til å uttale seg i saker som påverkar dei. Barns skal bli respektert og ha trygge oppvekstvilkår, også når dei bur på institusjon.

Vi legg stor vekt på å leggje til rette for å snakke med barn når vi er på tilsyn. Vi kjem derfor ofte til institusjonane etter skuletid, og på tidspunkt då vi har fått vite at barna er heime. Dersom barna



ikkje er til stades når vi er på besøk, eller av andre grunnar ikkje kan snakke med oss under tilsynet, legg vi til rette for samtalar i etterkant av tilsynet. Fleire av barna som bur på institusjonane snakkar med oss utanom tilsynsa. Dette gjeld i samband med klager på institusjonen eller på barnevernstenesta, eller når dei har spørsmål om regelverk eller anna. Når barn klager på tvang eller andre forhold medan dei bu på institusjon, tek vi alltid kontakt for å snakke med dei. Samtalar utanom tilsynsbesøka går ikkje fram av vår oversikt over samtalar med barn i tabellen på side 3 i denne årsrapporten.

Barn fortel at det er stor variasjon i kor tilgjengeleg barnevernstenesta er for barn. Nokon barn kan ta direkte kontakt med kontaktpersonen på telefon, medan andre må få hjelp av tilsette på institusjonen til å få kontakt med barnevernstenesta. Fleire vi har snakka med har ikkje møtt kontaktpersonen sin fordi denne er ny, ikkje har tid, eller har vore fråverande / sjukemeldt. Vår erfaring er at mange barn opplever at avgjerder om samvær med familie og nettverk, planar for utflytting, og andre avgjerder om tiltak blir gjort utan at barn deltek i avgjerdsprosessane. Vidare fortel barn at avgjerder blir teke seint, og at endringar skjer brått og er for dårleg planlagt. Mange opplever at dette reduserer motivasjonen for å arbeide med eigne utfordringar. Fleire seier også at dei ikkje trur at vaksne forstår eller bryr seg om korleis dei har det.

Sjølv om mange barn er trygge og har det godt på barnevernsinstitusjon, er vi uroa fordi mange også fortel at dei er utrygge og redde. Barn er redde for andre barn, for tilsette, og for å bli utsett for tvang eller andre inngrep. Fleire barn opplever kroppsvistasjon som ubehageleg og viser til at det er svært utrygt og inngripande å kle seg naken framfor vaksne. Fleire fortel at dei har vore ruspåverka under kroppsvistasjonar, og ikkje har klart å sette grenser for seg sjølv. Nokon fortel at kroppsvistasjonar har blitt gjennomført av vikarar dei ikkje kjenner og at det har vore utrygt. Barn fortel også om mykje uro frå andre ungdommar på natta, og at dette påverkar tryggleiken og trivselen på institusjonen.

Barn seier det er utrygt at tilsette har lite kunnskap om kriminelle miljø, og kva for press dei kan leve i under opphold på institusjon. Fleire barn fortel om narkotikagjeld, eller trugsmål om å selje narkotika frå institusjonen. Barn er redde for å bli oppsøkt av kriminelle miljø medan dei bur på barnevernsinstitusjon. Barn opplever at dei vaksne ikkje forstår kva som skjer inne på institusjonar, eller kva ungdom blir utsett for utanfor institusjonen og på sosiale media. Fleire fortel at dei kjenner seg overlate til seg sjølve, og at dei ikkje tør å snakke med vaksne av frykt dei vaksne sine reaksjonar, til dømes at dei sjølv blir utsett for tvang.

Når barn nærmar seg 18 år, tek fleire opp med oss at dei er usikre på kva som skjer når dei blir myndige. Mange fortel om utryggheit og plagar knytt til dårleg søvn og uro for kva som skal skje, og at barnevernstenesta ikkje planleggjar ettervern i god tid. Manglande plan og at planane er føreseielege, gjer at fleire får ei auke i vanskane sine når dei nærmar seg 18 år. Mange seier at dei ikkje kjenner seg klar for å flytte frå institusjonen, men opplever at dei blir pressa av barnevernstenesta til å flytte før dei er klare for det. I 2024 har vi hatt fleire klager frå barn som gjeld manglande plan for ettervernstiltak. Ungdommar som nærmar seg 18 år, eller har blitt 18 år, erfarer også at flytting til ny stad fører til brot i oppfølging og behandling hos helsetenesta. Til dømes gjeld dette i overgangen frå psykisk helsevern for barn og unge til voksenpsykiatrien, eller ny behandlingsstad på grunn av flytting frå barnevernsinstitusjon til hybel eller anna.

Eit gjennomgåande tema i samtalar med barn i 2024 har vore bruk av vikarar på institusjonane. Mange barn opplever dette som utrygt og at opphaldet blir påverka negativt ved at dei ikkje kjenner til kven som kjem på arbeid, og at det blir ulike reglar avhengig av kven som til ein kvar tid er på jobb. Vi har i 2024 fått fleire meldingar om at barn har vore utrygge på institusjonar, og ofte har



dette hatt samanheng med lite stabilitet i tilsettegruppa og mykje bruk av vikarar. Vi ser også fleire døme på at det tek tid før barn får hjelp og oppfølging frå andre tenester når dei flyttar til barnevernsinstitusjon. Døme på dette er oppfølging frå helsetenesta, og tilpassa skule og opplæringstilbod.

Statsforvaltarens vurdering av situasjonen i barnevernsinstitusjonane

Statsforvaltaren sitt tilsyn med barnevernsinstitusjonane skal sjå til at institusjonane følgjer lov og regelverk, og at barna får forsvarleg omsorg og behandling. Statsforvaltaren sitt tilsyn skal ha merksemda si retta mot alle forhold som verkar inn på barna si utvikling, trivsel, velferd og rettstryggleik.

Mange flyttingar og relasjonsbrot

Mange av barna vi møter har flytta mykje, ofte brått, og utan at barnet sjølv har ønska dette. Uønska flyttingar fører til uønska brot i behandlings-, og omsorgsrelasjonar. Dette meiner vi er ei tilleggsbelastning for mange barn. Mange flyttingar utgjer også ein risiko for at opphold på barnevernsinstitusjon ikkje gjev barn den stabiliteten, omsorga og behandlinga som var målet med at dei blei flytta til barnevernsinstitusjon. Mange barn har det vanskeleg og treng trygge vaksne som dei kan ha tillit til. Barna treng også føreseielege rammer og trygge vaksne som kan beskytte dei for negative miljø, rus og negativ eksponering på sosiale media.

Som i fjar ser vi at barn må flytte frå ein omsorgsinstitusjon eller behandlingsinstitusjon til ein annan fordi barnets behov, utfordringsbilete eller barnas symptomuttrykk har endra seg. Ofte er dette barn som har flytta fleire gonger tidlegare, og der barnas omsorgs- og behandlingsbehov ikkje er tilstrekkeleg kartlagt før inntak på institusjonar. Det kan synast som institusjonstilbodet ikkje i tilstrekkeleg grad klarer å tilby god nok fleksibilitet i forhold til at barn kan ha utfordringar som ikkje var kjent før inntak og at institusjonane ikkje godt nok klarer å tilpasse seg barnas endra behov for oppfølging og hjelp undervegs i opphalda. Vi meiner dette gjer at fleire barn ikkje får tilstrekkeleg ro til å knyte trygge band til andre vaksne og barn, og at flyttingar og brot i relasjonar er ein stor risikofaktor for at barn på barnevernsinstitusjon ikkje får nødvendig hjelp og omsorg. Brot i trygge relasjonar kan også føre til at barna mister tillit til at vaksne kan hjelpe dei.

Uavhengig av om barn bur på institusjon på grunn av vanskar med rus, kriminalitet, eller fordi dei ikkje har ein trygg omsorgssituasjon heime, så er kontakt med familie og nettverk viktig for barns tryggleik og utvikling. Barn som får lagt til rette for trygg og føreseieleg kontakt med familie og nettverk, klarar oftare å falle til ro på institusjonen. Gjennom våre tilsyn ser vi at dei fleste institusjonane legg til rette for kontakt og besøk av venner og familie, og at det gjennomgåande er stort søkelys på at familie og nettverk skal få god informasjon om barnas situasjon og utvikling. Vi ser likevel at for fleire barn fører uønskte flyttingar til brot i kontakt og samvær med familie og nettverk, noko som fører til belastningar for barna som allereie er i ein sårbar livssituasjon.

Oppfølging frå barnevernstenesta

Vi får informasjon om at det kan vere utfordrande å få kontakt med kontaktpersonar i barnevernstenestene og at dette fører til kommunikasjonsutfordringar på fleire område. Både ved at barn ikkje får tilstrekkeleg og oppdatert informasjon, og at samarbeid med barnevernsteneste, barnet, institusjonen og med familie og nettverk, ikkje blir trygt og føreseieleg for barna. Vi ser at dei tilsette på institusjonane gjer ein stor innsats for at barn skal få kontakt med barnevernstenesta, men at barnevernstenester bruker lang tid på å svare på spørsmål om samvær, besøk og feirar. Dette ser vi fører til unødvendig uro for barn og familiene deira.



Helsehjelp under opphold på barnevernsinstitusjon

Gjennom våre tilsynsbesøk møter vi ofte institusjonstilsette som er fortvila over at sjuke barn blir avsist både når dei treng akutt psykisk helsehjelp, eller søker om planlagt innlegging i psykisk helsevern for barn og unge. Det kan vere fleire årsaker til dette, blant anna at barnevernstenestene ikkje har planlagt helsehjelpa godt nok før barn blir flytta til institusjon, eller at fleire barn ikkje har hatt oppfølging frå helsetenesta før dei flyttar på institusjon. I fleire tilsynssaker ser vi at BUP viser til at barn ikkje har motivasjon for poliklinisk oppfølging, eller at barn har rusutfordringar eller at bu situasjonen ikkje er stabil nok til at BUP meiner det er hensiktsmessig å tilby behandling. Vi meiner det er viktig at barn får psykisk helseoppfølging sjølv om omsorgssituasjonen ikkje er stabil, eller dei rusrar seg i periodar. Det er ikkje til barns beste å ikkje få hjelpe og oppfølging for sine psykiske helsevanskar fordi dei har ein ustabil omsorgssituasjon. Vi er uroa over at barn som bur på institusjon som også har behov for hjelpe for sine psykiske helsevanskar, ikkje får koordinert og godt planlagt helsehjelp.

Nasjonalt er det registrert ei auke i søknader til psykisk helsevern for barn og unge, og vår erfaring frå tilsyn er at mange barn på barnevernsinstitusjon som har behov for oppfølging frå spesialisthelsetenesta, ikkje får den behandlinga og oppfølginga dei treng. Våre tilsyn viser at institusjonane legg til rette for at barna skal få helsehjelp, men at dette ikkje er tilstrekkeleg for at barn får den helsehjelpa dei treng og klarer nytte seg av det tilbodet dei får. Vi erfarer til dømes at det kan vere høgare terskel for å legge barn som bur på barnevernsinstitusjon inn til døgnbehandling i psykiatrien, enn det er for barn som bur heime. Vi meiner at det kommunale og statlege barnevernet og barnevernsinstitusjonane for ofte blir ståande aleine om å ivareta barn med komplekse vanskår og stort behov for helsehjelp.

Vi erfarer også at barn med behov for spesialisert helsehjelp, ofte får behandling som er retta mot å redusere symptomuttrykk, framfor hjelpe med årsaka til vanskane. Døme på dette er barn med etevanskar. Helsehjelpa retter seg ofte mot barnets vekt og gjennomføring av måltid, og institusjonane blir bedd om å gje barnet måltidsstøtte og å følgje med på vekt og matinntak. Barn fortel at dette kan vere vanskeleg og dei opplever at dei ikkje blir sett som heile menneske.

I 2024 har vi også erfart at det bur fleire barn på barnevernsinstitusjonar som vi meiner kunne fått betre hjelpe frå helse- og omsorgstenestene. Døme på dette er barn med alvorleg psykisk utviklingshemming og barn med komplekse helseutfordringar som fungerer i nedre del av normalområdet kognitivt. Vi meiner ikkje at barn som har rett på hjelpe frå andre tenester ikkje også skal ha rett til hjelpe frå barnevernet, men vi erfarer at fleire barn blir flytta til barnevernsinstitusjonar og blir buande på institusjon i påvente at kommunar skal etablere eit tilrettelagt tilbod etter helse og omsorgstenestelova. Dette er barn som tidvis bur lenge på barnevernsinstitusjon.

Vår erfaring gjennom dei siste åra er at barn i for stor grad må tilpasse seg korleis tenestene er organiserte, heller enn at hjelpa blir tilpassa barns behov. Mange flyttingar, manglande samarbeid og manglande kontinuitet gjer at barn ikkje får nødvendige barnevernstenester og helsetenester, og dei opplever for mange flyttingar og brå overgangar og brå avslutningar. Vår vurdering er at dette ikkje er til det beste for barn, og at det samla tenestetilbodet til barn på barnevernsinstitusjon framleis er for sektorisert.

Bufetats bistandsplikt

I 2023 og 2024 har vi fått mange klager på brot på bistandsplikta. Saker til Barneverns- og helsenemnda har blitt trekt eller avsist av nemnda grunna mangel på institusjonsplassar, og barn får ikkje nødvendige tiltak til rett tid. I Vestland fylke er det særleg store utfordringar knytt til å ha



tilstrekkeleg med akuttplassar. I klagene på brot på bistandsplikta kjem det fram informasjon om barn som over lang tid har hatt ein negativ utvikling, uavklart omsorgssituasjon, og fleire barn som setter seg sjølv og /eller andre i fare medan dei venter på plass i institusjon. Utfordringane med å finne tilpassa institusjonsplass til barn har si årsak i fleire forhold. Blant anna ser vi at det har vore ei auke i barn som er tilknytt kriminelle miljø, barn som går med kniv eller andre våpen, og barn ned i 12-13 års alder som sel- og brukar narkotiske stoff. Vi ser òg at fleire barn slit med skulevegning og angst, og at det er auka innsøking til barne- og ungdomspsykiatrien. I region Vest er det ikkje tilstrekkeleg kapasitet og variasjon i tiltaka frå Bufetat. Dette fører mellom anna til at barn ikkje får tilpassa tiltak til rett tid.

Oppsummert

Barn som treng hjelp frå barnevernet er ofte barn som har vore utsett for vald og andre alvorlege krenkingar gjennom store delar av livet. Konsekvensane for barna er store, og kan føre til store vanskar i vaksenlivet. Når barn har behov for hjelp frå barnevernet, må hjelpa vere tilpassa barnets behov og situasjon. Dette stiller store krav til kvalitet og fleksibilitet i tiltaka frå barnevernet.

Vi meiner at innføringa av standardisert forløp for alle barnevernsinstitusjonar frå februar 2021, har hatt ei positiv verknad på tilbodet barna får under opphold på barnevernsinstitusjon. Kravet til innhaldet i oppfølginga har blitt tydelegare, og vi ser at tilsette arbeider meir harmonisert i oppfølginga av det einskilde barn. Dokumentasjon av arbeidet på institusjonane har blitt betre, noko som gjer det lettare å få oversikt over kva for vurderingar som er gjort av barns ressursar og hjelpebehov.

Dei fleste institusjonane har tilsette med god og variert kompetanse, men vi erfarer at det kan vere vanskeleg å behalde og rekruttere erfarte medarbeidarar fleire stader. I dei fleste av tilsyna der vi har slått fast lovbrot, ser vi at institusjonane har hatt vanskar med å ha stabil bemanning med tilstrekkeleg kompetanse til å vareta barna i avdelinga. Vi ser også at samansetninga av barnegruppa ved nye inntak påverkar behovet for kompetanse og bemanning. Det betyr at fleire avdelingar kan vere sårbare i samband med inntak av nye barn. Både i 2023 og i 2024 har vi sett at det på fleire institusjonar har vore mykje bruk av vikarar, og at dette har påverka barnas situasjon negativt. Barn har snakka med oss om at hyppig bruk av vikarar tidvis er ute, og både tilsette og leiarar har sagt at høgt sjukefråvær og turnover er utfordrande og påverkar den daglege drifta ved fleire institusjonar.

Vi har over fleire år meldt om ei auke i avgjerder om tvang mot barn, barn med komplekse og samansette utfordringar, ei auke i alvorlege hendingar der barn er involvert, og ei auke i alvorleg ungdomskriminalitet. Vi meiner utviklinga viser at det er mange barn som har behov for hjelp og oppfølging, som ikkje får rett hjelp til rett tid. Vår vurdering er at situasjonen i barnevernet er særslig alvorleg, og at det er stor risiko for at dei mest sårbare barna ikkje får nødvendig hjelp og oppfølging til rett tid i tråd med regelverket.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Eva Ekblom
ass. seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakar:
Statens helsetilsyn

Kopi til:
Bufetat region vest Regionkontoret
Postboks 2233 3103 TØNSBERG
Barnevernsinstitusjonane i Vestland fylke